

Kjøpekontrakt Ty bustadfelt, felt A og B

1. Seljar

Namn	Aurland kommune	Organisasjonsnr.	964 968 063
Adresse	Vangen 1		
Postnr.	5745	Poststad	Aurland

2. Kjøpar

Namn		Fødselsnr. (11 tal)	
Namn		Fødselsnr. (11 tal)	
Adresse			
Postnr.		Poststad	

3. Eigedom

Gr.nr.		Br.nr.	
Adresse			
Postnr.		Poststad	

4. Kjøpesum

Kjøpesum kr		Bokstavar	
-------------	--	-----------	--

4.1 Attkjøpssum

Dersom Aurland kommune nyttar attkjøpsretten, skal prisen vere tilsvarande kjøpesum i pkt 4.
Naudsynte gebyr skal dekkast av tomteeigar.

Attkjøpssum kr		Bokstavar	
----------------	--	-----------	--

5. Kostnader

Dokumentavgift 2,5 %	Kr	
Tinglysingsgebyr	Kr	
Anna (spesifiser)	Kr	

6. Betaling

Ved inngåing av kontrakt, pliktar kjøpar å betale totalsum for kjøpar (kjøpesum og kostnader) innan gitt frist i avtalen.

Dato for betaling		Kontonr.	
Totalsum for kjøpar		Kr	

7. Overtaking

Overtaking av tomta skjer etter felles synfaring med Aurland kommune og kjøpar, og etter betaling er stadfesta. Synfaringa skal dokumenterast med protokoll der kjøpar og seljar signerer. Tomta er selt som den er.

8. Inkludert for kvar tomt

Tomta er planert og byggjeklar. Med «byggjeklar» vert meint at tomta er utsprengt, masseutskifta og komprimert. Tomta har kommunal infrastruktur lagt inn til tomtegrensa. Det gjeld vatn, avlaup, straum og fiber. Kommunal veg fram til eigedomsgrensa er mellombels klargjort for tilkomst og vert etter nærmare avtale bygd ferdig saman med utbygging av husa. Kommunen betalar for bygging av kommunal veg, sjølve bygginga avklarast mellom kjøpar og kommunen.

9. Heft

Aurland kommune stadfester at tinglysing av skøyte er fritt for alle penge- og brukshefte.

10. Spesielle tilhøve

10.1 Vilkår for kjøp av tomt

- Tomtekjøpar må vere fylt 18 år.
- For felt A og B, pliktar kjøparen å nytte eigedomen til bustad til eige bruk som heilårsbustad i samsvar med byggeløyve som blir gitt. Bustad som vert ført opp kan ikkje nyttast til korttidsutleige som t.d airbnb eller liknande, eller utleige i næring.

- Dersom underteikna avtale ikkje er motteke innan fristen, vert dette tolka som at tilsegnshavar seier frå seg tomta, og at tomta kan lysast ut på nytt.
- Igangsetting av bygging kan ikkje skje før tomta er betalt. Misleghald av oppgjær av tomtekostnad vert oppfatta som om kjøpar har sagt frå seg tomta.

10.2 Attkjøp

Dersom bygging på tomta ikkje er fysisk sett i gang innan to år frå dato på tildelingsbrev med kjøpekontrakt, er tomtekjøpar pliktig å selje tomta attende til kommunen for same pris som den vart kjøpt for jf. punkt 4.1 i kontrakten. Prisen skal ikkje indeksregulerast, og tomtekjøpar må dekke omkostningar for ny tinglysing og skøyte.

Dersom Aurland kommune nyttar attkjøpsretten, skal tidlegare kjøpar sørge for at tinglysing av skøyte er fritt for pengeheftingar.

10.3 Videresal av tomt

Videresal av ubebygd tomt er ikkje tillete utan samtykke frå kommunen, og kommunen har i tilfelle rett til attkjøp, jf pkt. 9.2 . Bustad som er ført opp kan berre seljast vidare til ny eigar som skal nytte bustad som eigen bustad.. Det er ein føresetnad ved videresal at seljaren opplyser kjøpar om forbodet mot kortidsutleige og utleige i næring, jf pkt. 9.1.

10.4 Arkitektur og opparbeiding tomt

- Husa skal ha eit felles arkitektonisk uttrykk, jf føresegnene til reguleringsplanen og illustrasjonane frå Arkitektkontoret 4B i vedlegg 3 er førande.
- Husa skal ikkje vere identiske, men ha same formuttrykk og harmonerande fargar.
- Bustadane skal tilpassast eksisterande terrengfall med underetasje med tilbakefylling mot terreng i bakkant. Støttemurar skal tilpassast naturleg terrengfall.
- Bustader på oppsida av vegen i felt A vil ikkje få universell utforming grunna høgdeforskjell frå veg til byggjeflate for underetasje. Dette kan eventuelt løysast med heis frå garasje til bustad.
- Dersom tomtekjøpar vil starte bygging før nabotomt er klar, skal fylling mot nabotomt gjerast på ein slik måte at naboeigedomen kan byggast på utan vidare tiltak med omsyn til fyllmassar
- Terrengmurer som byggast skal vere stabile og i god teknisk stand sjølv om dei etter ferdig utbygging ikkje vil vere synlege
- Tomtekjøpar får ansvar og kostnad for etablering av fylling frå tomtegrense og ned mot grunnmur, og tomta elles.
- Reguleringsplan for Ty – del 2 vedteke 20.10.2016 skal følgjast
- Det vert lagt opp til samordna utbygging mellom Aurland kommune og tomtekjøpar ved å etablere veg og byggetomt på same tid. God kommunikasjon mellom tomtekjøpar og kommunen er forventa og avgjerande.

Signatur, seljar og kjøpar

Stad, dato

Signatur seljar (for Aurland kommune)

Stad, dato

Signatur kjøpar